



OFFENTLEG MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Gloppen Hotel
Møtedato	18.08.2014
Kl.	14.00 – 19.45

Faste medlemmer til stades:

Åshild Kjelsnes, Ap
Nils P. Støyva, Ap
Jenny Følling, Sp
Anders Ryssdal, Sp
Karen Marie Hjelmeseter, Sp
Noralv Distad, H
Frank Willy Djuvik, FrP
Marit Barsnes Krogseter, V
Trude Brosvik, KrF

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Knut Henning Grepstad

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Fylkesutvalet vedtok at punkta nr.1, 9, 10 og 11 i sak nr. 93/14, vedlegga nr. 15 og 20 tom. 23 i sak 94/14 og sak 95/14 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31.

SAK 89/14 **Det fylkeskommunale inntektssystemet og statleg kjøp av NSB-tenester**

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber regjering og Storting ta omsyn til staten sitt omfattande kjøp av transporttenester hos NSB ved utforminga av nytt inntektssystem for fylkeskommunane.
2. Staten nyttar i 2014 over 3 mrd. kr til slike transporttenester og hovudtyngda av desse er innretta mot det sentrale austlandsområdet. Inntektssystemet må korrigere for dette tenestekjøpet dersom andre delar av landet skal kunne tilby likeverdige tenester.

Endringsframlegg:

Senterpartiet og Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til innleiing i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Fleirtalet i Stortinget har vedteke eit nytt inntektssystem som fører til ein reduksjon på heile 230 millionar eller 10% i den fylkeskommunale drifta i Sogn og Fjordane.

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Det statlege rutekjøpet på det regionale flyrutenettet kan ikkje samanliknast med NSB-rutekjøpet då flyrutekjøpet stettar eit nasjonalt transportbehov mens NSB-kjøpet stettar eit lokalt transportbehov. Flyrutekjøpet er like viktige for personar og næringsliv i heile landet og let seg ikkje fylkesfordele.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og endringsframlegga vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fleirtalet i Stortinget har vedteke eit nytt inntektssystem som fører til ein reduksjon på heile 230 millionar eller 10% i den fylkeskommunale drifta i Sogn og Fjordane.

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber regjering og Storting ta omsyn til staten sitt omfattande kjøp av transporttenester hos NSB ved utforminga av nytt inntektssystem for fylkeskommunane.
2. Staten nyttar i 2014 over 3 mrd. kr til slike transporttenester og hovudtyngda av desse er innretta mot det sentrale austlandsområdet. Inntektssystemet må korrigere for dette tenestekjøpet dersom andre delar av landet skal kunne tilby likeverdige tenester.
3. Det statlege rutekjøpet på det regionale flyrutenettet kan ikkje samanliknast med NSB-rutekjøpet då flyrutekjøpet stettar eit nasjonalt transportbehov mens NSB-kjøpet stettar eit lokalt transportbehov. Flyrutekjøpet er like viktige for personar og næringsliv i heile landet og let seg ikkje fylkesfordele.

SAK 90/14

NRK-plakaten - høyring

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser på NRK-plakaten som godt eigna til å formidle overordna krav og forventningar til NRK sitt allmennkringkastingstilbod og NRK sitt samfunnsoppdrag.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar opp om eit sterkt og uavhengig NRK som allmennkringkastar som når alle innbyggjarane i landet med eit breitt mandat og variert tilbod innan radio, fjernsyn og internett.
3. Dagens §13 i NRK-plakaten må omformast til «NRKs hovedkanaler for radio, fjernsyn og internett skal være tilgjengelige for hele befolkningen». Aktiv breibandutbygging må til for å sikre dette.
4. NRK-plakaten må leggje til rette for ressurssterke distriktskontor. Distriktskontora må også kunne ha sjølvstendige oppgåver som innholdsprodusentar, noko som vil vere med på å utvikle NRK-tilbodet i breidde og variasjon.
5. NRK si rolle i beredskapssamanheng må også vektleggast når det gjeld å halde oppe og utvikle distriktskontor med produksjonskapasitet.
6. Kravet om minst 25% av innhaldet på nynorsk må stå ved lag, og gjelde uavhengig av plattform.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4 i staden for punkt 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

NRK plakaten må legge til rette for velfungerande og sterke distriktskontor. Distriktskontora må oppretthaldast og vidareutviklast og ha sjølvstendige oppgåver.

Framstegspartiet sette fram slik framlegg til nytt punkt:

NRK-plakaten må i større grad synleggjere at NRK har eit særskilt ansvar for å sikre mediemangfaldet, og må være forsiktige med å publisere journalistisk produksjon frå lokale og regionale medier som er avhengige av inntekter på sin produksjon.

Avrøysting:

Punkta 1, 2, 3, 5 og 6 i fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke. Ingen røysta for punkt 4 i fylkesrådmannen si tilråding.

Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Første del av framlegget frå Framstegspartiet vart samrøystes vedteke.

Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Marit Barsnes Krogsæter røysta for siste del av framlegget frå Framstegspartiet. Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmseter og Trude Brosvik røysta mot.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser på NRK-plakaten som godt eigna til å formidle overordna krav og forventningar til NRK sitt allmennkringkastingstilbod og NRK sitt samfunnsoppdrag.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar opp om eit sterkt og uavhengig NRK som allmennkringkastar som når alle innbyggjarane i landet med eit breitt mandat og variert tilbod innan radio, fjernsyn og internett.
3. Dagens §13 i NRK-plakaten må omformast til «NRKs hovedkanaler for radio, fjernsyn og internett skal være tilgjengelige for hele befolkningen». Aktiv breibandutbygging må til for å sikre dette.
4. NRK plakaten må legge til rette for velfungerande og sterke distriktskontor. Distriktskontora må oppretthaldast og vidareutviklast og ha sjølvstendige oppgåver.
5. NRK si rolle i beredskapssamanheng må også vektleggast når det gjeld å halde oppe og utvikle distriktskontor med produksjonskapasitet.
6. Kravet om minst 25% av innhaldet på nynorsk må stå ved lag, og gjelde uavhengig av plattform.
7. NRK-plakataten må i større grad synleggjere at NRK har eit særskilt ansvar for å sikre mediemangfaldet.

SAK 91/14

Søknad om fritak frå vervet som medlem i fylkesrådet for eldre Valperioden 2011 - 2015

VEDTAK:

1. Rønnaug Holmøy får fritak frå vervet i fylkesrådet for eldre for resten av valperioden.
2. Anna Sofia Skaar rykkjer opp som fast medlem for resten av valperioden.

SAK 92/14

Val av nye medlemmer til styret i Opplæringsfartøy Fylkeskommunal eigarutøving året 2013/2014.

VEDTAK:

Fylkesutvalet peikar ut to nye kandidatar til styret i Opplæringsfartøy AS for perioden 2014 til 2016:

1. Frode Kupaen
 2. Kari Morvik
 3. Fylkesutvalet tilrår at Frode Kupaen vert vald som styreleiar.
-

SAK 93/14

Skriv og meldingar fylkesutvalet 18. august 2014.

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama:

1. Eigarskapssak. Ikkje off. - § 23.4.
Fylkesutvalet fekk ei orientering om eigarsak. Fylkesutvalet drøfta orienteringa.
2. Budsjetta for perioden 2015-19.
Fylkesutvalet hadde ei første drøfting av dei framtidige budsjett- og økonomiplanane 18.08.
3. Tal representantar i FT og storleiken på partistønaden.
Gruppeleiarane set i gang arbeidet
Gruppeleiarane ynskjer ei økonomisk vurdering av innsparingane ved redusert tal representantar.
4. Arbeidsvilkåra for folkevalde.
Gruppeleiarane set i gang arbeidet.
5. SJH-saka.
Oppfølginga av FT-vedtak 14/14. Fylkesrådmannen orienterte.
6. Orientering vedkomande SFE.
Fylkesordføraren orienterte.
7. Eigaropplæring 22. september
I tilknytning til politikardagen 22.09.14 vil bli halde ei opplæring i eigarskapsarbeid.
8. Politiske posisjonar på internasjonale arenaer, notat.
Notatet vert å vurdere i det vidare budsjettarbeidet.
9. Rettsleg krav, status. Ikkje off. - § 23.1.
Fylkesrådmannen orienterte.
10. Sal av gymnasbygget - Sogndal. Ikkje off. - § 23.1.
Fylkesrådmannen orienterte.
11. Stevning. Ikkje off. - § 18 og § 23.4.
Fylkesrådmannen orienterte. Fylkesordføraren gjekk frå som ugild ved orienteringa.
Fylkesvaraordføraren leia møtet under orienteringa.

SAK 94/14

Rapportar frå eigarutsendingar til heilt eller delvis fylkeskommunalt eigde selskap Sogn og Fjordane fylkeskommune si eigarmelding 2014

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet tek rapportane til orientering.

2. Fylkesutvalet stiller seg bak alternativet som styret i Sogn og Fjordane Revisjon IKS legg fram i høringsbrevet datert 23. juni 2014 vedkomande samarbeidet med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt.

SAK 95/14

Orientering om Dalsfjordsambandet

Ikkje offentleg Ofl § 23, 1. ledd, økonomi-, løn- og personalforvaltning
